



Hilde Eidsheim Olsen
Litlevika 54
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/51 - 19/2125

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
21.01.2019

Førebels svar på førespurnad om førehandskonferanse - gbnr 145/67 Fosse indre


Tiltak: førehandskonferanse
Byggjestad: Gbnr: 145/67 Skarsvegen 287
Tiltakshavar: Hilde Eidsheim Olsen
Ansvarleg søkjar: Seim Bolig AS

Vi viser til dykkar førespurnad om førehandskonferanse for arealoverføring frå gbnr 145/33, riving av eksisterande hytte og oppføring av ny einebustad på gbnr 145/67 Fosse indre med registrerte heimelshavarar i matrikkelen - Anita og Audun Eidsheim.

Planstatus

Eigedomen ligg delvis i uregulert område i det som i kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 (KPA) er definert som bustadføremål. Arealoverføring og oppføring av ny bustad vil kvar for seg krevje dispensasjon frå plankravet. Deler av eigedomen ligg innafør støysone (skravert område) mot FV 404 og vil krevje støyrapport. Eigedomen ligg delvis i regulert område i reguleringsplan for FV 404 med opprusting av vegstrekninga og utbygging av fortau, sjå vedlagte dokument. Halve tomte er satt av til vegføremål.

Kartutsnitt KPA med støysone Innsendt situasjonsplan,




Kartutsnitt reguleringsplan Fv 404



Administrasjonen legg til grunn at utbygging av eigedomen – gbnr 145/67 - må skje gjennom ein reguleringsprosess. Ein utbygging gjennom dispensasjonar, kan hindre reguleringsplan FV 404 sin planlagde gjennomføring med opprusting av vegstrekninga og utbygging av fortau.

Det er sett av to utbyggingsområde for bustadbygging i nærleiken – B 28 og B29. I følgje KPA så er det krav til utbetring av vegen og etablering av gang- og sykkelsti før desse to bustadområda kan byggjast ut. Administrasjonen finn det uheldig å tillate utbygging på eigedomen – gbnr 145/67 gjennom dispensasjonar utan at vegen er utbetra og gang- og sykkelsti er opparbeida når dette er krava til utbygging for dei to nærliggande bustadområda.

Kartutsnitt KPA – B28 og B29



Administrasjonen ønskjer ikkje vidare utbygging av området før trafikkbilete (som også inkluderer dei mjuke trafikantane) er utbetra i henhold til reguleringsplan FV 404.

Administrasjonen rår dykk til å ikkje gå vidare med prosjektet på noverande tidspunkt. Administrasjonen ønskjer ein tilbakemelding om det er fremdeles aktuelt med førehandskonferanse.

Frist for tilbakemelding vert sett til innan **05.02.2019**.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kunngjering godkjent reguleringsplan for Fv. 404, strekninga Kvamme – til kryss ved kommunal veg
Fossavatnet med planID 1263-201112 (L)(182585)

Kopi til:

Hilde Eidsheim Olsen	Littlevika 54	5914	ISDALSTØ
Seim Bolig AS	Fureberget 29A	5912	SEIM

Mottakarar:

Hilde Eidsheim Olsen	Littlevika 54	5914	ISDALSTØ
Seim Bolig AS	Fureberget 29A	5912	SEIM